



Høringsuttalelse (KF-239)

Referansenummer: EIK7MB

Registrert dato: 05.09.2014 12:00:38

Vedlegg:

Høyringsfråsegn - kommuneplan.pdf

Innledning
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening
Opplysninger om foretak/lag/forening
Organisasjonsnummer 991368574
Foretak/lag/forening Digital Creations AS
Adresse Mjåtveitflaten
Postnummer 5918
Poststed FREKHAUG
Telefon 93035967
Telefaks
E-post kontakt mail@digitalcreations.no

Uttalelse
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Navn på høringssaken <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan - arealdel
[dd.mm.åååå]

Uttalelse til saken

Digital Creations AS, NAGELLd AS og Buss og Media AS er tre høgteknologi-bedrifter som held til Meland kommune. Saman ønskjer me i åra som kjem å gjere Meland til ein foregangskommune innanfor teknologisk utvikling.

I korte trekk ønskjer me å kjøpe det gamle meieribygget (1256-23/68 Rundhaugen), og gjere det om til vårt felles hovudkvarter. I dag er denne eigedomen regulert til offentleg bygg, sidan teknisk etat brukar det til oppbevaring. Me ønskjer og at skorsteinen vert bevart, sidan dette er eit landemerke her på Frekhaug.

Me føler at dei eksisterande områda som er avsatt til næringsutvikling i kommuneplanen er meir retta mot industribedrifter. Denne typen næringseigedom er noko Meland kommune har mangel på per i dag.

Me forstår det slik at meieribygget er i dårlig stand, med eit tak som lekk og har gjort det i fleire år. Bygget ser heller ikkje særleg godt holdt ut utvendig. Det er vår oppfatning at bygget i seg sjølv allereie har negativ verdi.

Våre planar

Me ønskjer å pusse opp meieribygget og innreie det til kontor. Plasseringa til eigedommen er utmerka for oss som ønskjer å tiltrekke oss arbeidskraft frå Bergen, sidan det er så kort veg til hurtigbåtkaien og bussterminalen. Bygget har potensiale til å huse opptil 25 kontorarbeidarar for ulike bedrifter.

Bedriftene som kjem dit, og dei me eventuelt leiger ut til før me har nok tilsette til å fylle opp alle kontora sjølve, vil gje lite biltrafikk og ikkje forstyrre naboane. Dette er bedrifter med vanleg kontortid, og bygget vil difor i hovedsak stå tomt på kveldstid.

Me ønskjer gjerne å sette oss ned med dykk for å fortelle meir om våre planar for området. Ta i så fall kontakt med oss på mail@digitalcreations.no eller via telefon 996 13 958.

Med vennleg helsing,

Vegard Andreas Larsen (styreleiar og medeigar, Digital Creations AS)

Helge Bjordal (dagleg leiar og eigar, NAGELLd AS)

Jon Ingar Kjenes (dagleg leiar, Buss og Media AS og Motitech AS)